



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18713 - 21/30396

Saksbehandlar:  
Madeleine Fønnes Aase  
madeleine.fønnes.aase@alver.kommun  
e.no

Dato:  
05.05.2021

## Oversender vedtak til klagevurdering - gbnr 341/31 Skarpeneset

### Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr. 341/31  
Adresse: Skarpenesvegen 133  
Tiltakshavar/eigar: Frank Ove Eriksen  
Klagar: Frank Ove Eriksen v/advokat Christian Grahl-Madsen

### Saka gjeld:

Saka gjeld klage på delegert vedtak, sak 20/18713, om avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål friområde, grad av utnytting og krav om saltak for hyttefelt på Skarpeneset for riving av delar av fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad. Det vart gjeve avslag på søknad i vedtak datert 28.01.2021. Vedtaket er klagt på av tiltakshavar v/advokat i brev motteke 12.02.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 21.04.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 28.01.2021 ikkje vart oppretthaldt og klagen delvis tatt til følge. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

#### «APM- 067/21 Vedtak:

Klagen vert delvis teke til følge. Det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for Skarpeneset for takvinkelt og utnyttingstad med heimel i pbl § 19-2. Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Fritidsbustad skal oppførast innanfor arealføremål fritidsbustad i reguleringsplanen for Skarpeneset, og ikkje på arealføremål regulert til friområde.
2. Fritidsbustad kan førast opp innanfor føresegn 1.6.14 i kommunedelplanen for Meland.

Vedtaket vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post  
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no eller på telefon 56 34 90 56.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Madeleine Fonnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for riving av delar av bygg og oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 341/31 Skarpeneset  
20/18713-21/5787 Klage over vedtak om avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 341/31 Skarpeneset  
Alver kommune  
sett fra syd på kai  
sett fra nord  
Planskisse ny hytte  
Avslag til søknad om dispensasjon - gbnr 341/31 Skarpeneset  
Uttale - Alver - 341/31 Skarpeneset - riving deler av bygg - oppføring fritidsbustad - dispensasjon  
Søknad om dispensasjon for riving og oppføring av fritidsbustad på Gbnr 341/31 Skarpeneset  
Søknadstegninger - 115219218 - Ny hytte, Skarpeneset  
mappe 1.pdf

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER